


FUNGERANDE STAVEKONTROLL på nynorsk er eit viktig verktøy som skuleelevar bør ha tilgang til. **S. 3**

TEKSTSKAPING PÅ INSTAGRAM er eit nytt prosjekt som elevar frå heile landet kan vere med på. **S. 6**

SYNG SAMAN I BARNEHAGEN – ti tips til korleis du kan ta i bruk song i barnehagen. **S. 8**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 37 | HAUSTEN 2021 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Opplæringslova: andre og avgjerande runde

TEKST: **Torgeir Parr Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

I SLUTTEN AV AUGUST sende Kunnskapsdepartementet ut *Forslag til ny opplæringslov og endringar i friskolelova*. Høyringsfristen er 20. desember. Heile 2022 går med til gjennomgang og vurdering av alle innspela. Lovforslaget skal leggst fram for Stortinget våren 2023, og den nye lova skal etter planen gjerast gjeldande frå skuleåret 2023–2024.

Det er altså ei god stund att før elevar, lærarar, skuleeigarar og alle andre må innrette seg etter den nye lova. Men for oss som ikkje sit på Stortinget, er det no i haust vi må gjere ein innsats for å påverke innhaldet.

Det første utkastet til ny opplæringslov kom i desember 2019 (NOU 2019: 23). I Nynorsksenteret sitt høyringssvar la vi først og fremst vekt på at lova må sikre nynorskelevane sine språklege

rettar i det digitale klasserommet. Dette omtala eg nærare i leiarteigen i *Nynorskopplæring* nr. 34. Fleire andre hadde tilsvarende merknader.

I det nye utkastet er nokre av innspela frå nynorskmljåa tatt til følge, mellom anna at det *skal* vere språkdelte grupper ikkje berre til sjuande trinn, men også på ungdomstrinnet. Men reguleringa av kva læremiddel og læringsverktøy som skal omfattast av parallellkravet (dvs. nynorsk- og bokmålsversjonar til same tid og til same pris), er framleis både for smal og upresis.

I dag har mange nynorskelevar ein digital skulekvardag som er heilt dominert av skjermtekstar på bokmål. For å snu denne utviklinga treng både skuleeigarane og vi som arbeider spesielt for betre nynorskopplæring, ei skjerpa opplæringslov.

I haustens høyringsuttale kjem Nynorsksenteret til å gjenta fleire av argumenta frå våren 2020. Dei tre viktigaste poenga våre kan oppsummerast slik:

- Definisjonane av læremiddel og læringsressursar må vere tilpassa dagens bruk av digitale plattformer og læringsverktøy i undervisinga.
- Kravet om parallellversjonar må ikkje innehalde smothol som undergrev nynorskelevane sine språklege rettår.
- Sentrale utdanningsstyresmakter må ta større ansvar for at skuleeigarane følgjer opp lover og læreplanar. Dagens desentraliserte praksis er prega av ansvarspulverisering utan god nok kontroll av at nynorskelevane får dei læremidla og læringsressursane dei har krav på.

Det er ikkje noko teknisk problem å lage nynorskversjonar av det aller meste av digitale læringsverktøy. Men korkje dei store teknologi-gigantane (t.d. Apple, Google og Microsoft) eller mindre ressursprodusentar gjer dette utan at dei må. Det må vere krav i lov eller forskrift som tvingar dei. Ikkje nynorskutgåve = ikkje tilgang til norske klasserom.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 37, 15. årgangen

BLADSTYRAR: Ingvild Myklebust Hovden

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland / Sara Marie Granheim

SKRIFTER: Comic strip (Phil Elliott), Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: Oliver Levang

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa


Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

nynorsksenteret.no

Den nye opplæringslova bør stilla krav om at elevar skal ha rett på ein fungerande nynorsk stavekontroll. Men alt no er det mykje skular kan gjera for at elevane ikkje skal få unødige raude strekar under tekstane.

Nynorsk stavekontroll

TEKST: **Arild Torvund Olsen** ILLUSTRASJON: **Nynorsksenteret**



Du finn innstillingshjelp på nynorsksenteret.no/digitale

MANGE NYNORSKELEVAR OPPLEVER i dag at sjølv om dei skriv korrekte nynorsktekstar, vert sidene fulle av raude strekar, og elevane får opp framlegg om å nytta bokmålsord i staden. Ein slik arbeidssituasjon er ikkje eit godt utgangspunkt for å læra å skriva godt. So kva bør skulane gjera?

Dersom elevane dine nyttar skriveprogram frå Google, er det beste alternativet å berre skru av heile stavekontrollen. Om dei derimot nyttar iPad eller har ei datamaskin med Windows, finst det fungerande stavekontrollar som er tilgjenge-

lege, dersom skulane stiller inn elevmaskinene rett. Både for iPad og Windows er det til dømes viktig at skulane installerer nynorsk tastatur på maskinene, slik at maskinene skjønar at det er nynorsk elevane skriv.

På nettsida til Nynorsksenteret finn du enkle instruksjonar som viser korleis du kan stilla inn elevmaskinene for å få stavekontrollen til å fungera, korleis du kan få Windows på nynorsk, og mykje anna: nynorsksenteret.no/digitale ■

INNHALD

Opplæringslova: andre og avgjerande runde av Torgeir Dimmen	S. 2
Nynorsk stavekontroll av Arild Torvund Olsen	S. 3
Mest bokmål i nynorskelevane sine tekstsamlingar av Liv Astrid Skåre Langnes	S. 4
Tekstskaping i nye kontekstar av Jorid Saure	S. 6
Syng saman i barnehagen av Hildegunn Hovde	S. 8
Ein god start med nynorsk av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	S. 10
Von om betre tider? av Marit Wadsten	S. 12
Boktips frå Nynorsk bok.no	S. 14
Språktips: passiv i nynorsk av Aud Søyland	S. 15
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	S. 16

Tekstsamlingane i nynorskelevane sine læreverk i norsk i ungdomsskulen har mange fleire tekstar på bokmål enn på nynorsk. Dette kan vere uheldig for språklæringa til elevar med nynorsk som hovudmål.

Mest bokmål i nynorsk-elevane sine tekstsamlingar

TEKST: **Liv Astrid Skåre Langnes** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



Liv Astrid Skåre Langnes har skrive masteroppgåve om tekstsamlingane i nynorske læreverk.

FUNNET I INGRESSEN er henta frå ein masterstudie av to nynorske læreverk i norsk som eg fullførte våren 2021. Læreverka eg granska, hadde gjennomsnittleg 34 % tekstar på nynorsk og 66 % på bokmål. Eg fann nesten den same språklege fordelinga, 30 % nynorsk og 70 % bokmål, i tekstutvalet (leselistene) i 24 faglærarrapportar for nynorskelevar på 10. trinn som også var ein del av granskinga. Dette er problematisk i lys av det vi veit om nynorskelevane sine lesevanar og formelle skriveferdigheiter på hovudmålet sitt.

Lesevanar og skriveferdigheiter

Ei rekkje granskingar om nynorskelevar sine lesevanar viser at elevane les meir bokmål enn nynorsk på fritida. Nynorsk møter dei så å seie berre i skulen. Studiar av dei formelle skriveferdighetene til desse elevane viser at dei generelt har mykje bokmålssamanfall i tekstane sine, og at dei strevar med å meistre den nynorske språknorma. Både forskarar og nynorskelevane sjølve har teke til orde for at desse elevane kan-skje meistarar nynorsknorma dårleg fordi dei har vore lite eksponerte for hovudmålet, nynorsk, og mykje eksponerte for sidemålet, bokmål.

Teoriar som undersøker samanhengar mellom lesing og skriving, viser at lesing og skriving heng tett saman. Det vi lærer frå lesing, kan vi bruke i skriving, og omvendt. Studiar har vist at elevar som har blitt eksponerte for mange leseerfaringar, får betre leseforståing. I tillegg oppnår dei høgare resultat på skriveprøver og har betre skriveferdigheiter innanfor både rettskriving og skrivekvalitet.

Mest opplæring i sidemålet?

I lys av denne kunnskapen kan vi argumentere for at nynorskelevane treng å bli eksponerte for mykje nynorsk for å bli trygge nynorskbrukarar.

Granskinga mi viser at det ikkje berre er på fritida nynorskelevane les mest bokmål. Også i norskfaget møter desse elevane flest tekstar på sidemålet. Når elevane les meir bokmål enn nynorsk i norskfaget, går dei glipp av mogelegheiter til å lære seg kunnskapar som er unike for nynorsknorma. Då er det ikkje sikkert at nynorskelevane i ungdomsskulen har meir opplæring i hovudmålet enn i sidemålet i norskfaget.

Tydelegare føringar om språklege rettar

Fram til år 2000 praktiserte vi offentleg godkjenning av lærebøker i Noreg. For lærebøkene i norskfaget måtte ein i tillegg rette seg etter kvotefordelingsreglane. Desse reglane regulerte den språklege fordelinga mellom nynorsk og bokmål i tekstsamlingane til læreverka. Fordelinga skulle vere 2/3 på hovudmålet og 1/3 på sidemålet. For tekstsamlingar som var felles for bokmålelevar og nynorskelevar, skulle fordelinga vere minst 40/60. Etter år 2000 fall godkjenningsordninga og kvotefordelingsreglane bort. Det kom inn ei formulering i opplæringslova om at «Lesebøkene i norskfaget skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk». I forslaget til ny opplæringslov er også denne formuleringa teken bort, fordi utvalet til ny opplæringslov meiner det er læreplanen som skal vere styrande for kva læremiddel som er nødvendige for å nå kompetansemåla.

Denne granskinga av nynorskelevane sine tekstsamlingar og faglærarrapportar viser det motsette: Vi treng tydelegare føringar, forskrifter og lover om nynorskelevane sine språklege rettar i skulen. Elevane med nynorsk som hovudmål har i praksis ikkje den tilgangen til tekstar på eige språk som dei treng og har krav på i norskfaget. I samband med ny opplæringslov, ny læreplan, nye lærebøker og ei digital omvelting i skulen

treng vi eit regelverk som tek på alvor at nynorskelevane har behov for å møte hovudmålet sitt i skulen sine tekstar. Utan dette har vi ikkje reell språkleg likestilling i den norske skulen. ■

Kjelder:

- Ahmed, Y., Wagner, R. K., & Lopez, D. (2014, No. 2). Developmental Relations Between Reading and Writing at the Word, Sentence, and Text Levels: A Latent Change Score Analysis. *Journal of Educational Psychology*, s. 419–434.
- Askeland, N. (2009). Kunnskapsløft for nynorsk? Nynorsk i lesebøker etter oppheving av godkjenningsordninga. I S. Tvitekkja (Red.), *Klamme former og sær skriving : språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder* (s. 6–17). Oslo: Språkrådet.
- Cunningham, A., & Stanovich, K. (1991, June). Tracking the Unique effects of Print Exposure in children: Associations With Vocabulary, General Knowledge, and Spelling. *Journal of Educational Psychology*, s. 264–274.
- Kim, Y.-S. G. (2020). Interactive Dynamic Literacy Model: An Integrative Theoretical Framework for Reading-Writing Relations. I R. A. Alves, T. Limpo, & R. M. Editors, *Reading-Writing Connections Towards Integrative Literacy Science* (s. 11–34). Cham, Switzerland: Springer Nature Switzerland AG.
- Shanahan, T. (2020). Foreword . I R. A. Alves, T. Limpo, & J. R. Malatesha, *Reading-Writing Connections Towards Integrative Literacy Science* (s. v–viii). Cham, Switzerland: Springer Nature Switzerland AG.

Korleis kan levande bilete, tekstutdrag og musikk formidle ei forteljing? Dette spørsmålet skal hundrevis av elevar snart ta stilling til, gjennom Nynorsksenteret sitt prosjekt «Tekstskaping på Instagram».

Tekstskaping i nye kontekstar

TEKST: **Jorid Saure** FOTO: **Note Thanun** og **Jeshoots**



FORFATTAR TERJE TORKILDSEN har skrive ei heilt ny novelle, «Heime-aleine-fest», som er utgangspunkt for prosjektet. Gjennom tre skriveoppdrag skal elevane skrive vidare på utdrag frå denne novella. Tekstane dei skriv, skal dei formgje med lyd, bilete og korte filmsnuttar, slik at teksten kan formidlast som ei digital forteljing på Instagram.

Digitalt kompetente ungdomar

Ungdomar brukar digital teknologi dagleg, og den utstrekte bruken av sosiale medium har gitt dei fleste unge ein digital grunnkompetanse. Ungdomar veit korleis dei set tekst til eit bilete for å fremme ein bodskap, og mange av dei er medvitne om kva slags verkemiddel og digitale verktøy dei kan bruke for best å formidle eit poeng. Ved å byggje på elevane sin digitale kompetanse ønskjer vi å utfordre dei til å arbeide med nynorsk tekstskaping på ein ny og kreativ måte. Elevane skal skrive tekstutdrag og utforme digitale forteljingar i lag, og utforske det digitale formatet gjennom ei norskfagleg oppgåve. Elevane skal også reflektere over kva moglegheiter det digitale formatet gjev, som ikkje papiret gjev. Tekstskaping er ein krevjande kognitiv prosess, og kommunikasjonen og samhandlinga mellom

elevane kan gjere arbeidet meir motiverande. Å skrive og utforme digitale tekstar i lag fremmar ei dialogisk tilnærming til læring, der elevane må bruke både dei munnlege, skriftlege og digitale ferdigheitene sine.

Å vise og utvikle norskfagleg kompetanse

Ifølgje læreplanen i norsk viser og utviklar eleven kompetanse når han eller ho brukar fagspråk, argumenterer, reflekterer og eksperimenterer i munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike føremål. I læringsopplegget «Tekstskaping på Instagram» må elevane tileigne seg og nytte eit fagspråk for å gjere greie for dei ulike vala dei gjer undervegs i skrive- og tekstskapingsarbeidet. Elevane skal også presentere tekstane for kvarandre og vurdere dei ut frå visse vurderingspunkt. Tekstutforminga skjer i tre rundar, så elevane kan byggje vidare på dei erfaringane og tilbakemeldingane dei får undervegs i tekstskapingsarbeidet. Slik ønskjer vi å leggje til rette for at skrive- og tekstutforminga skal bli ein læringsspiral, der elevane får moglegheit til å utvikle ferdigheitene og kompetansen sin i norskfaget.

Å kombinere skrift med ulike uttrykksformer

Eit av kjerneelementa i norsklæreplanen er *Skriftleg tekstskaping*, og ei sentral formulering er at elevane skal kunne skrive på hovudmål og sidemål i ulike sjangrar og for ulike føremål. Elevane skal kunne kombinere skrift med andre uttrykksformer og oppleve skriveopplæringa som meningsfull. Det er gjennomgåande i heile læreplanen at opplæringa bør leggje til rette for elevaktivisering og utforskande læringsaktivitetar. Difor er det viktig for oss på Nynorsksenteret å vise fram ei nynorsk-opplæring som vi håpar kan engasjere og inspirere elevane til å jobbe med tekstskaping på ein ny måte. ■

*Du finn meir info på
nynorsksenteret.no/insta*



Å synge er kjekt, det gjev rom for meistring, oppleving og medverknad, og det kan opne for kreative prosessar. Her følgjer ti tips til korleis du kan ta i bruk song i barnehagen!

Syng saman i barnehagen

TEKST: **Hildegunn Hovde** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



1 Barnet syng før det snakkar

Dei fleste barnehagebarn syng setningar lenge før dei evnar å snakke dei. Å synge mykje med dei yngste er med på å stimulere den språklege utviklinga, og det er også med på å auke den sosiale kompetansen deira. Å synge saman gjer godt, og det gjev rom for å kunna sjå kvart enkelt barn i ei trygg ramme med dei andre barna. Ver bevisst på kva songar de vel til dei yngste, la det vera enkle tekstar og melodiar, og bruk god tid. Eit roleg tempo og gjentakning sikrar at dei yngste får med seg meir og meir av songen for kvar gong de syng han.

2 Rørsle og song

Bevisst bruk av song med rørsler er viktig for barn generelt, og for dei yngste i barnehagen spesielt. Ved å nytte songar med rørsler gjev ein barn utan verbalspråk sosial kompetanse i kraft av det å kunna delta fysisk i songane. Gjennom rørsle og lyd kan barnet kommunisere kva song dei vil høyre eller synge, og dermed gjev vi barnet høve til å medverke. Rørslene er også med på å stimulere både fin- og grovmotorikk, og det spelar med på det naturlege instinktet hos barnet til å bevege seg til lyd.

3 Song i tilvenninga

Ein fersk forskingsartikkel frå Høgskulen på Vestlandet peikar på fleire interessante funn når det gjeld bruk av song med rørsle som overgangsobjekt i tilvenninga (Skjerdal & Engesæther, 2021). Å bruke berre ein enkelt song kan danne eit magisk bindeledd mellom heim, barn og barnehage, og gje dei yngste på tilvenning eit verktøy for kommunikasjon, samstundes som det også gjev dei tilsette eit verktøy for trøyst og omsorg, og ikkje minst eit element som barnet kjenner stor tryggleik i frå heimen.

4 Song avlar song

Same forskingsartikkel viser at dei tilsette i barnehagen der studien vart utført, beit seg merke i at det å vera bevisst kring bruken av berre ein enkelt song i kvardagen også førte til at bruken av song i barnehagen generelt auka. Dess meir ein syng, dess større vert songgleda og -viljen i barnehagen, både blant tilsette og barn.

5 Eit årshjul med songar

Kva med å laga eit årshjul med ulike songar som følgjer årstidene? Ei kjapp idémyldring på ein planleggingsdag kan føre til at mange nye songar kjem inn i barnehagen, noko som er bra for både store og små! Her kan ein også bruke tid på å finne songar som høver inn i dei ulike tema- eller prosjektarbeida barnehagen skal ha gjennom året.

6 Barnehagesongbok

Ein måte å skape eit godt bindeledd mellom heim og barnehage kan vera å dele songane ein bruker i barnehagen, med heimen. Ofte kan barn koma heim og synge delar av ein ny song dei har lært, og ved å gje dei føresette tilgang til dette songmaterialet kan barnet også synge desse songane i heimen. Sjå ressursen «Å lage songbok i barnehagen» på sidene til Nynorsksenteret.

7 Songen i overgangssituasjonar

Ein beskjed som vert sunge, kan ofte vera meir effektiv enn ein beskjed som vert talt. Ved å nytte faste songar til dei daglege overgangssituasjonane lar ein songen få ein naturleg plass gjennom heile dagen. Døme på dette kan vera: samlingssong, vaske-hender-song, ryddesong, tursong osv.

8 Songen som ramme

Ein song kan vera ei ramme for ein pedagogisk aktivitet. «Ser du kjolen min» kan nyttast til å fantasere om kva anna som er «grønt som gras» eller «blått som havet». Mellom kvart vers kan ein da synge om noko anna grønt (t.d. frosk) eller blått (blåfugl) osv. Hugs at i denne leiken kan alt skje, så her er det berre å tone seg inn på fantasiverda til barna! Om eit barn svarar «Dinosaur!», kan ein kanskje dikte ein song om ein dinosaur ...?

9 Når barnet syng, syng med!

Barn syng medan dei leikar, og diktar lange songar om det som skjer her og nå. «Spontansong» er eit omgrep ein nyttar om tre ulike fasar av den musikalske utviklinga til barnet, der det å improvisere fram melodiar og seinare tekst til ferdige melodiar er ein imponerende del av utviklinga. Når barnet sit oppslukt i leiken og syng, prøv å vera med!

10 Syng!

Legg vekt på fellesskap og det å gjera ein aktivitet saman, framfor skjønnsong og evaluering av egne prestasjonar.

Kjelder:

- Sæther, M., og E. Angelo (2019). *Barnet og musikken*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Stehouwer, G. (1998). *Musikk mellom liten og stor*. Oslo: Norsk Musikkforlag.
- Skjerdal, L., og M. Engesæther (2021). «Det gjer godt i hjarta.» Å møte dei minste med musikk. I S. Bøyum og H.C. Hofslundsengen (red.), *Barnehagelærerrollen. Mangfold, mestring og likeverd*. Oslo: Universitetsforlaget.

Korleis kan elevar med bokmål som hovudmål få eit godt møte med nynorsk? Kompetansehevingspakken
Sidemål på mellomsteget. God start med nynorsk er no pussa opp og justert til den nye læreplanen.

Ein god start med nynorsk

TEKST: *Anne Marta Vinsrygg Vadstein* FOTO: *Ingvild Myklebust Hovden*



SPRÅKLØYPER INNEHELD kompetansehevingspakkar som lærarar og andre kan gjennomføre på arbeidsplassen når det passar for dei. Ein av desse pakkane, *Sidemål på mellomsteget. God start med nynorsk*, er no pussa opp og justert til den nye læreplanen. Progresjonen er framleis den same: å starte med å snakke saman om språk, lese og bli lesen for på nynorsk, og deretter skrive sjølv.

LK 20 legg opp til at elevane på 1. og 2. trinn skal bli lesne for både på bokmål og nynorsk. Frå 3. trinn skal elevane lese sjølve på sidemålet, men også utforske forskjellar i skrivning mellom hovudmålet og sidemålet. Nytt i denne læreplanen er at elevane skal prøve å skrive eigne sidemålstekstar allereie frå 4. trinn, medan dei tidlegare skulle starte med skrivinga på 5. trinn. I Kunnskapsløftet var målet formulert som «eksperimentere med skrivning», medan elevane no skal «prøve ut skrivning» etter Fagfornyinga.

Det er fint å arbeide med lesing og skrivning på nynorsk på 4.–7. trinn knytt til dei tverrfaglege temaa, dei grunnleggande ferdigheitene og den overordna delen av læreplanen. Læreplanen føreset at bokmålelevane har fått systematisk og grundig opplæring i og på nynorsk før dei tek til på ungdomsskulen. Ei opplæring bygt på progresjonen i LK 20, som vist i denne språkløypepakken, sikrar at elevane får eit godt grunnlag før ungdomsskulen, både når det gjeld kompetanse og haldningar.

Språkløypepakken *Sidemål på mellomsteget. God start med nynorsk* har fått eit nytt fagleg innlegg om det å snakke saman om språklege erfaringar. Det tek utgangspunkt i Hilde Traavik sitt foredrag med same tema, men er no tilpassa LK 20. Filmen er seks minutt lang og passar godt som eit innlegg i fellesmøtetida. I den første økta finn de også ein teikneserie, *Superheltar* av

Kristoffer Lindseth, med eit tilhøyrande undervisningsopplegg. Det er gratis å skrive ut opplegga i Språkløyper og bruke dei i klasserommet.

I tillegg til nye fagartiklar om læreplanen av Hjalmar Eiksund og Liv Kristin Bjørlykke Øvereng ligg det også ute ein ny bokpresentasjonsfilm

i den tredje økta i pakken, *Åtte tips til nynorske bøker for 5.–7. trinn*. Denne presentasjonen er retta mot lærarar og andre vaksne i skulen, og det er nyttig å bruke ti minutt av fellesmøtetida til ei oppdatering på nynorsk barnelitteratur. ■

INVITASJON TIL SAMARBEID

Nynorsk på 4.–7. trinn: Kreativ NYnorsk

Språkløypepakken *Sidemål på mellomsteget. God start med nynorsk* byggjer på forskning og på erfaringane frå satsinga *Tidleg start*. Det er nokre år sidan dette prosjektet, og vi vil derfor invitere nye skular med bokmål som opplæringsmål til å søkje om midlar og starte eit samarbeid med Nynorsksenteret. Målet er å nå skular over heile landet og å utvikle nye ressursar i samarbeid med praksisfeltet. Vi inviterer skular og klassar på 4.–7. trinn over heile landet til å søkje, og vil velje ut inntil tre skular til å ta del.

Send e-post til irene@nynorsksenteret.no innan **1. desember 2021**.

Dette får skulane som er med på satsinga *Kreativ NYnorsk*:

- 10 000 kroner som de kan disponere til inspirerende tiltak, til dømes nynorske barnebøker, forfattarbesøk, leseprosjekt, klassesett av Norsk Barneblad eller anna kreativ nynorskstimulering. Skriv i søknaden kva de ønskjer å bruke midlane til.
- Fagleg samarbeid med Nynorsksenteret med gratis oppstartssamling (digital/fysisk) i januar–mars 2022 og ei undervegssamling hausten 2022. Nynorsksenteret vil også følgje opp lærarane undervegs. Samarbeidet varer til 1. juni 2023.
- Skulane skal ta i bruk minst eitt av Bok på 1–2–3-opplegga som ligg på nynorsksenteret.no.
- Nynorsksenteret får ta del i erfaringane og kan lage nye ressursar basert på samarbeidet.

«Alt som er kjekt, gjer vi på nynorsk» (Ingvild S. Rullestad, lærar ved Finstad skole i Lørenskog (*Tidleg start* 2014–2016))

KONTAKTPERSON: Irene Åbrekk Kalvatn, irene@nynorsksenteret.no

Ida Marie Jegteberg har i ei ny gransking avdekt at utdanningsinstitusjonane i mange tilfelle ikkje lukkast med å sikre nynorskkompetansen til lærarstudentane.

Von om betre tider?

TEKST: **Marit Wadsten** FOTO: **Marius Beck Dahle**



I MASTERAVHANDLINGA *Von om betre tider* frå 2021 har Ida Marie Jegteberg granska dei språkpolitiske retningslinjene for dei tolv institusjonane som tilbyr grunnskulelærarutdanning for 5.–10. trinn. Ho finn at det er stor variasjon i korleis dei arbeider med nynorsk. Studien har avdekt at det blir gjort forsøk på å sikre studentane sin nynorskkompetanse, men at det i mange tilfelle ikkje lukkast. Gjennomgåande utfordringar er spørsmålet om kven som skal ha ansvaret for nynorskopplæring og -vurdering når det ikkje er norskfaget, og at det som blir gjort for å sikre nynorskundervisninga på dei ulike utdanningsinstitusjonane, er svært personavhengig. Det vert også avdekt at det rår dårlege haldningar til nynorsk, spesielt blant tilsette i lærarutdanningane.

Kva viser Jegteberg si gransking?

Ida Marie Jegteberg ser også på programplanane for desse grunnskulelærarutdanningane, og ho ser på korleis planane blir realiserte i praksis. Målet til Jegteberg har vore å drøfte og hauste kunnskap om det som etter alt å døme er ein veikskap ved lærarutdanninga slik ho er no.

– Eg hadde ein hypotese om at lærarutdanningane ikkje overhelt gjeldande lovverk om nynorsk i lærarutdanninga. Dette har eg fått bekrefta, seier Jegteberg.

Funna ho har gjort, viser at fleire institusjonar ikkje arbeider med å sikre formuleringane i forskrift om plan for grunnskulelærarutdanning (2016) om at studentane skal beherske både bokmål og nynorsk på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng, i det heile.

Kvifor denne undersøkinga?

– Alle elevane i grunnskulen skal bli trygge språkbrukarar slik at dei meistarar både nynorsk og bokmål i samfunns- og yrkeslivet. Då er det

heilt avgjerande at lærarane har den nynorskkompetansen som må til for å bruke nynorsk saman med elevane, anten elevane har nynorsk som hovudmål eller som sidemål. Difor må ein sikre at alle lærarstudentar har god nynorskkompetanse uavhengig av kva fag dei tek, meiner Jegteberg.

Trass i at det er forskriftsfesta at utdanninga skal sikre studentane kompetanse i begge dei norske målformene, ser det ut til at det særleg er norskfaget som tek ansvaret for dette. For studentane som går grunnskulelærarutdanning 5.–10. og ikkje vel norsk, ser det dermed ut til at det kan vere vanskeleg å sikre at også dei får den undervisninga dei bør ha i nynorsk.

Her kan altså lærarar bli utdanna utan norskfagleg kompetanse, men likevel med kompetanse til å undervise i eigne fag på skular rundt om i heile landet, òg på skular med nynorsk som opplæringsmål, held Jegteberg fram.

Kva medisin trengst?

For å verkeleg sikre nynorskkompetansen til studentane på grunnskulelærarutdanning 5.–10. trinn finn Jegteberg gjennom denne studien at

- det trengst tydelegare retningslinjer frå styresmaktene
- leiingane på lærarutdanningane må ta meir ansvar
- det trengst ei haldningsendring blant alle tilsette på lærarutdanningane, ettersom kompetanse i begge dei norske målformene ikkje berre er eit krav i norskfaget

– *Er det von om betre tider?*


– Eg har eit ynske om at undersøkinga mi kan bidra til endring og gjere at ein får meir felles og betre praksisar på utdanningsinstitusjonane rundt om i landet, avsluttar Ida Marie Jegteberg. ■



Ida Marie Jegteberg forskar på nynorsk i lærarutdanninga 5.–10. trinn.

Det er heilt avgjerande at lærarane har den nynorskkompetansen som må til for å bruke nynorsk saman med elevane.

BOKTIPS FRÅ NYNORSKBOK.NO



Anders Totland og Martin Ernstsén
Pest og plage – verdas verste pandemiar

I denne faktaboka får vi lære meir om sjukdommar som har herja både i Noreg og elles i verda, frå svartedauden i 1349 til koronapandemien. Boka gir oss eit historisk innblikk i korleis sjukdommane råka både by og bygd.

Totland skriv om namngjevne personar som har blitt råka av dei ulike sjukdommane, og vi får eit innblikk i korleis mange av desse personane har opplevd å bli behandla. Forfattaren skriv også om utvikling av medisinar og vaksinar og om kva som kan skje dersom vi brukar for mykje antibiotika.



Marianne Gretteberg Engedal
Polititjuven

Dette er den andre boka om Kjell og bestevenen Pølse-Per. Kjell, som er fødd inn i ein tjuvefamilie, likte så dårleg å vere tjuv at han slutta med det i den første boka. I *Polititjuven* får vi likevel sjå at eit dårleg rykte ikkje er så lett å bli kvitt.

Boka er skriven som ein teikneserie der det meste av teksten vert formidla gjennom tanke- og snakkebobler. Teikningane er fargerike og svært illustrerende, og forfattaren får fram sinnsstemningane til dei ulike karakterane. Dette er ei god bok som innbyr til gode samtalar og refleksjonar.



Erlend Skjetne
Eit anna blikk

Eit anna blikk følger eg-personen Anwar frå Afghanistan, som er nykomen til eit mottak i ei lita bygd i Nord-Noreg. Han er i dårleg fysisk form på grunn av sjukdom. Ein dag kjem Walid. Dei to gutane deler rom, og trass i ulikskapane utviklar det seg ein vennskap mellom dei to.

I *Eit anna blikk* skildrar Skjetne på ein utmerkt måte stillstanden og tilstanden på mottaket. Denne romanen er eit bidrag til at vi kan få innblikk i og betre forstå situasjonen til kvarandre.



Rune F. Hjemås
Ein bror i verdsrommet

Elias er sjuandeklassing. Storebror Mats er alvorleg sjuk og må vere på sjukehuset. Heime følgjer Elias og venene med på ein eldre mann som har eit mystisk raudt lys i vindaug. Elias har også fanga opp ein spesiell lyd. Kan dette vere eit lydsignal frå verdsrommet? Finst det liv på andre planetar?

Ein bror i verdsrommet skildrar oppturar og nedturar, usikkerheit, forventningar, håp og venskap – og det å vere ein litt utypisk superhelt.

Mange har nok lært at nynorsk er eit meir aktivt språk enn bokmål. Det vil seia at me oftare brukar aktiv der bokmål brukar passiv. Den regelen gjeld stadig, men i ein del tilfelle må me uttrykkja oss med passiv også i nynorsk, mellom anna når me ikkje veit kven den handlande (subjektet) i ei setning er.

Språktips: passiv i nynorsk

TEKST: **Aud Søyland** FOTO: **Anna Kirsten Hellevang**

I nynorsk kan me laga passiv på to måtar:

**a bli/verta + perfektum partisipp av hovud-
verbet**

Døme:

Bråkmakarar blir kasta ut.

Bøkene vart selde til halv pris.

**b modalt hjelpeverb + infinitiv av hovud-
verbet + -ast**

Døme:

Bøkene bør seljast til halv pris.

Elevane kan sendast heim kl. 12.

Bråkmakarane må kastast ut.

Sakspapira skal sendast i morgon.

Som døma viser, er begge passivtypane samansette av to ord. På nynorsk kan me altså ikkje laga passiv ved å hengja -ast på verbet åleine, me må ha eit hjelpeverb framfor hovudverbet.

Desse to passivkonstruksjonane er jamgode, men det er ein liten tydingsnyanse mellom dei. Døme b er noko som kan skje i framtida, medan døme a er noko som skjer no eller i framtida. Ofte kan dei to passivtypane brukast om einannan, men språkkjensla di fortel nok når den eine typen passar betre enn den andre.

I bokmål er det vanleg å laga passiv ved å hengja ein s på infinitiv av verbet, det me kallar

s-passiv: «Brevet sendes i morgen.» S-passiv er ein av dei feila eg synest er mest skjemmande i ein nynorsk tekst, fordi seiemåten bryt med vanleg folkeleg tale.

Aktiv og passiv

Ikkje minst i formelle brev har me lett for å ty til passiv, fordi me ikkje vil skriva «eg» eller «me/vi». På bokmål er det vanleg å innleia eit brev slik: «Det vises til brev 10.1.2021 ...» Dersom me skriv på vegner av arbeidsgivaren, er det unaturleg å skriva «eg». Derimot kan me skriva «me/vi», nærmast som eit kongeleg vi:


Me viser til brev 10.1.2021 ...


På bokmål har det òg vore vanleg med passiv i rettleingar: «Søknaden sendes til Lånekassen innen 1.3.2021.» I slike tilfelle kan me like godt bruka imperativ (bydeform):

Send søknaden til Lånekassen innan 1.3.2021.

Før var det nok rekna som litt uhøfleg å bruka imperativ overfor ukjende, men i dag er det heilt i orden, også i bokmål, å uttrykkja seg på den måten.

Eit generelt råd kan vera å sjå om ei setning blir betre dersom du gjer henne om til aktiv. Men me treng passivkonstruksjonar også i nynorsk.





RETURADRESSE: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



KATTEN MEL



KATTEN MÅLER



KATTEN MÅLAR

Teikna av Kristoffer S. Mathisen

Dersom rektor krev at du målar skrivekompetansen til elevane, er det berre å finne fram penslane og akvarellfargane dine ...

Dersom du derimot vil at elevane skal lære skilnaden på e-verb og a-verb (og annan nyttig språkkunnskap), kan du byrje med å gje dei heftet **Nynorsk på 1-2-3** – eit nynorsk kurs i teikneserieform.

På nynorsksenteret.no/materiell kan du tinge gratis klassesett av Nynorsk på 1-2-3.